



OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Nasjonal ramme for vindkraft. Fråsegn.

Bakgrunn

Olje- og energidepartementet (OED) har gitt NVE oppdrag å utarbeide forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land.

NVEs faglege forslag til dei mest eigna områda for lokalisering av vindkraft viser tretten område for heile landet. To av desse områda ligg (delvis) i Møre og Romsdal. Dette gjeld *område 46*, som er grenseområda mellom Trøndelag og Nordmøre. I vårt fylke har det areal i kommunane Aure, Halså og Surnadal. Vidare *område 48*; Sunnmøre og Nordfjord, som i vårt fylke har areal i Ulstein, Hareid, Herøy, Sande, Vanylven og Volda.

Merknader

Forslaget bygger på eksklusjon av ueigna område for vindkraft. Dette er bygt på «harde» og «mjuke» kriterium. Desse er relativt godt dokumentert i rapporten. Det vil likevel vere kriterium som ikkje er kome med eller der data er usikker/manglar. Nasjonal ramme for vindkraft skal vere ein fagrapport som synleggjer område som kan vere eigna for utbygging, der areal som *ikkje er eigna* er klarlagt. Det går fram at NVE har lagt vekt på å unngå konflikhtar med viktige naturområde og har tatt omsyn til m.a. friluftsliv, støy, fugle- og dyreliv. I vår gjennomgang av dei to områda registrerer vi likevel at det er viktige natur- og friluftslivsverdiar som ikkje er kome med, eller etter vårt syn ikkje vektlagt godt nok.

I Fylkesmannens tilnærming til dei utvalte områda har vi nytta det som ligg føre av eksisterande kunnskap/registreringar for vidare justering/eksklusjonar av areal innanfor dei to områda. Vi har m.a. sett nærare på utvalte naturtypar, sårbare fugleartar, regionale friluftsområde/viktige fotturruter og større urørte naturområde. Når det gjeld registreringar av sensitive artar er desse berre omtalt. Vi reknar med at OED har naudsynt tilgang til dei aktuelle databasar.


Når det gjeld den foreslåtte justeringa av områda må ein vere merksam på at grensene ikkje er teikna eksakt, men syner areal vi rår til bør gå ut av planen.

Vi har i utgangspunktet sett på registrerte natur- og friluftsverdiar innanfor fylkesgrensa. Likevel er det registreringar som går over fylkesgrensene (m.a. friluftsområde og urørte naturområde). Det har

derfor vore kontakt med Fylkesmennene i Vestland og Trøndelag for å vurdere harmonisering av høyringsfråsegnene.

Fylkesmannen er også blitt kjent med at både Møre og Romsdal fylkeskommune og alle kommunane i fylket, som har areal innanfor område 46 og 48, går imot forslaget.

Område 46 Grenseområda mellom Trøndelag og Nordmøre



Kart til venstre viser avgrensinga av området, medan kart til høgre viser område som alt er ekskludert (mjuke og harde eksklusjonar) innanfor dette arealet.

Sårbare fugleartar



I regi av NINA/Miljødirektoratet foregår det eit intensivovervakingsprogram for kongeørn i Aure kommune. Etter det vi kjenner til går dette programmet også over i Trøndelag. Omtrentleg utstrekning på dette området (i vårt fylke) er vist på kart. På Skardsøya og i fjellområdet mot trøndelagsgrensa er det registrert fleire territorium for kongeørn.

Innanfor dette området er det også registrert lokalitetar for havørn, hubro og vandrefalk. Vidare er det fleire hekke- og oppvekstområde for storlom; ein art som Norge har den største bestanden av i Europa, men som også her er i tilbakegang. Storlom også registrert fleire andre stader innanfor område 46, m.a. fleire

stader på Ertvågøya, samt sørvest i Halså kommune. Vindkraftutbygging på desse areala vil klart vere konfliktfylt i forhold til desse artane.

Friluftsliv




Kartet viser registrert friluftsområde av regional verdi. Av kommunane i området er det berre Surnadal kommune som har gjennomført registreringa etter Miljødirektoratets rettleiar frå 2013. Dei andre registreringane er av eldre dato, men gir likevel oversikt over område av viktig verdi.

Vidare er Fjordruta til Kristiansund og Nordmøre Turistforening markert med raudt. Den er på turistforeiningas nasjonale liste over dei 11 flottaste langturane i Norge. Innanfor analyseområdet ligg 10 turistforeiningshytter. Det er ikkje tatt omsyn til Fjordruta i forslaget frå NVE. Vindkraftutbygging vil vere i klar konflikt med ei slik gjennomgåande turrute. Deler av turruta går også gjennom større urørte område (sjå under), der viktige kvalitetar for turopplevinga er fråvær av støy og inngrep.

Større urørte naturområde

Omdisponering og oppdeling av naturområde utgjer i dag eit av dei alvorlegaste trugsmåla mot det biologiske mangfaldet. Samstundes har større urørte naturområde stor verdi for friluftsliv, landskapsoppleving, reiseliv og forskning.

I si godkjenning av Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2001) påpeikte Miljøverndepartementet at planen burde fokusere meir på dei områda der det er lite inngrepsfri natur att. Dei bad derfor om at retningslinjene vart utvida med følgjande setning: *«I område med lite inngrepsfrie område skal det og leggst vekt på område som ligg 1-3 km frå tekniske inngrep»*. Denne fylkesdelplanen er rullert og gjeld framleis.



Naturbasen viser kart over inngrepsfrie naturområde med 1-3 km (lys grøn) og 3-5 km (mørkare grøn) frå større teknisk inngrep.

I Fylkesdelplan for inngrepsfrie naturområde (2001) er områda nord for Vinjefjorden, samt deler av fjellområdet mellom Surnadal/Rindal og Halså/Hemne peika ut som prioriterte område der nye større tekniske inngrep bør unngåast.

Vindkraftutbygging i desse områda vil derfor ikkje vere i samsvar med Fylkesdelplanen. Vi vil minne om at regionale planar skal vere retningsgivande både for kommunal og statleg planlegging og verksemd i fylka.

Tidlegare vindkraftsøknader


Skardsøya i Aure kommune ligg innanfor det foreslåtte området. I 2010 rådde Fylkesmannen ifrå ein søknad om vindkraftpark på Skardsøya. I konsekvensutgreiinga kom det fram at dei største negative konsekvensane for vilt er knytt til kollisjonsrisiko med turbinblad og kraftliner av raudliste- og

ansvarsartar som havørn, vandrefalk, hubro, fjellvåk og storlom. Med unntak for havørn, der det er kjent heile 10-12 reir rundt planområdet, er det eller kan vere eitt hekkande par for kvar av dei andre artane. Området har også eit areal med inngrepsfri natur. Sjølv om det berre ligg i sone 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep, går arealet ubrote frå fjord til fjell. Slike areal er det etter kvart svært få av i fylket. Også landskapsmessig viste den tematiske konfliktvurderinga «stor konflikt» for landskap. Skardsøya må også sjåast i samanheng med Mellandsvågen naturreservat på vestsida av øya. Dette er eit Ramsarområde og er verna for å sikre viktige rasteplassar og overvintringsområde for vassfugl. Trekkrutene for desse artane er mindre kjent, og det vil vere ein stor usikkerheitsfaktor kva betydning ein vindpark i nærområdet kan ha.


Vi er kjent med at det no blir arbeidd med nye planar om utbygging på Skardsøya.

Konklusjon område 46

Gjennom samanstilling av eksisterande data/ kunnskap om området, samt naudsynte buffersoner for fugl vil vi klart rå til at område markert med grønt går ut. Det betyr likevel ikkje at dei resterande områda vil vere konfliktfrie ved eventuelle nye søknader. Områda grenser mot Trøndelag i aust. Vi har vore i kontakt med Fylkesmannen i Trøndelag og får opplyst at dei ikkje vil tilrå nye areal for vindkraft i fylket. Ei samordning av grensene er derfor unødvendig.




Område 48 Sunnmøre og Nordfjord



Området er i rapporten svært fragmentert, der mykje av arealet innanfor avgrensinga alt er ekskludert. Vi stiller t.d. spørsmål ved kvifor areal som er ekskludert i randsona av det definerte området i det heile er tatt med.

Utvalte naturtypar



Karta viser utvalte naturtype kystlynghei av viktig verdi, i Vanylven kommune (t.v.) og Hareid kommune.

Friluftsområde av regional verdi

Kartet viser registrert friluftsområde av regional verdi. Av kommunane i området er det berre Volda



kommune som har gjennomført registreringa etter Miljødirektoratets rettleiar frå 2013 (mørkaste raudfarga i området ved Åmelfoten). Dei andre registreringane er av eldre dato, men gir likevel oversikt over område av viktig verdi.

Sårbare fugleartar

Etter det vi registrerer i sensitive artsdata og Rovbase 3.0 har forslaget i hovudsak tatt omsyn til kjente lokalitetar for sårbare/truga fuglar ved at dei er tatt ut gjennom mjuke eksklusjonar. Det er viktig at det blir sett av gode nok bufferzoner. Ein km frå hekkelokalitetar er ikkje nok når ein skal ta omsyn til artanes normale aksjons-/leveområde. Vindturbinar representerer kollisjonsrisiko for lågflygande artar som hønsfugl og hubro. For hubro vil vindkraftanlegg gje redusert habitatkvalitet. Tilgangen

på byttedyr ein vesentleg faktor for å oppretthalde levedyktige hubrobestandar, og viktige jaktområde bør ivaretakast utan særlege inngrep. Ser ein Møre og Romsdal fylke under eitt, utpeikar søre Sunnmøre seg med den høgaste tettleiken av kjende territorium. Tilbakegangen i hubrobestanden har vore dramatisk, og det er få aktive territorium att i fylket i dag. I Sande kommune (Gurskøya) er det nylege registreringar av hekkande hubro. I Vanylven kommune er det også registrert fleire hubroterritorium. Desse bør undersøkast nærare. Ytre søre Sunnmøre er eitt av områda der det framleis er aktive hubropar, og ivaretaking av leveområda er avgjerande for å oppretthalde ein regional hubrobestand. Hubroen jaktar i ope terreng. Dersom desse jaktområda vert bygde ned med vindturbinar og tilhøyrande infrastruktur, vil arten miste ein vesentleg del av næringsgrunnlaget, og vil høgst truleg forsvinne frå området.

Det er lite kunnskap om trekkande fugl i området. Eksakte korridorar, høgder og liknande er dårleg kartlagt. I Miljødirektoratets innspel til eksklusjonsrunde 3 vart det vist til at ut frå generell kunnskap om «at middels- og kortdistansetrekende fugl (som gjerne flyr om natta) helst vil holde seg unna åpent hav på den ene siden og høyt fjell på den andre, er det sannsynlig at det går en ganske markert trekkkorridor over (fra nord) Ulstein, Herøy og ytre deler av Sande og Vanylven kommune, før de går over Stadlandet og Vågsøy, Bremangerlandet og vidare sørover øyene i Flora kommune».



Større urørte naturområde

Generelt om urørte/inngrepsfrie naturområde er nærare omtalt under område 46.

På den ytre kysten av Møre og Romsdal er det få urørte område att av ein viss storleik. Slik sett blir det desto viktigare å ta vare på dei få som er att.

Naturbasen viser kart over inngrepsfrie naturområde (INON). Her ser ein at det i


analyseområdet framleis er nokre urørte areal av ein viss storleik. Dette er areal som ligg meir enn 1-3 km frå tyngre tekniske inngrep. Dette gjeld i m.a. i fjellområda mellom Vanylven og Volda og på Gurskøya i Sande kommune. På Hareidlandet ligg eit noko mindre urørt område på begge sider av kommunegrensa. Det som er særprega med dette området er at det er urørt heilt frå fjorden til fjellet. Det er få slike område att i fylket.

Tidlegare vindkraftplanar

Haugshornet vindkraftverk på Gurskøya i Sande kommune fekk i 2008 avslag på konsesjonssøknaden. Avslaget var m.a. grunngjeve i verknader for fuglelivet, negative landskapsverknader, viktige friluftsverdiar, støy og dårlegare vindforhold enn andre vurderte vindkraftverk i fylket. Vi registrerer at deler av det same arealet framleis ligg inne i høyringsforslaget.

Konklusjon område 48

Gjennom samanstilling av eksisterande data/ kunnskap om området, samt naudsynte buffersoner for fugl vil vi rå til at følgjande delområde går ut (grøne areal i fig. til venstre). Det har vore kontakt med Fylkesmannen i Vestland for å harmonisere forslaget over fylkesgrensa.



Fylkesmannens forslag til vidare eksklusjon av areal i område 46 er også samanstillt med tidlegare viste harde og mjuke eksklusjonar. Dette syner at det er svært få aktuelle område att. Ein må derfor også stille spørsmål om område 48 i det heile tatt skal med i Nasjonal ramme for vindkraft.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)

Jon Ivar Eikeland

ass. miljøverndirektør

fagsjef-plansamordning

Dokumentet er elektronisk godkjent.